

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 03.12.2006
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 26.10.06 - 30.11.06**

**Styresak 121/06 O
Administrerande direktør si orientering pkt. 6**

Styremøte 14.12. 2006

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneholder

- nye saker tilsendt i perioden 26.10.06 – 30.11.06
- eldre saker dersom desse ikke var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

Del 1

Tilsynsmyndighet	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	19.10.06	Riksrevisjonen viser til føretaksmøte i Helse Vest RHF 24.01.06 kor det blei vedteke at dei regionale helseføretaka skal utvikle gjennomgående retningsliner for bierverv for tilsette. Riksrevisjonen ber om å få oversendt kopi av nye retningsliner. Svarfrist: 9. november 2006	Svar på førespurnad sendt 07.11.06. I brevet er det gjort greie for det arbeidet kring bierversspørsmål som er gjort dei seinare år. Det er vist til at Helse Vest utarbeidde nye retningsliner hausten 2005. Desse er oversendt Riksrevisjonen. I tillegg er det vist til korleis saka er følgd opp gjennom styringsdokumenta til helseføretaka for 2006.
		Riksrevisjonen sitt dokument nr. 1 (2006-2007) blei overlevert Stortinget 22.11.06. Dokumentet inneheld mellom anna resultat av Riksrevisjonen sin kontroll med dei regionale helseføretaka.	Riksrevisjonen har merknader til statsråden sin forvaltning av staten sine interesser i dei regionale helseføretaka. Tre merknadar er knytt til styringa av Helse Midt-Noreg RHF, Krefregisteret under Helse Sør RHF og avtaler om snorkeoperasjonar i Helse Øst og Helse Vest. For samlede regionale helseføretak har Riksrevisjonen merknadar knytt til låneneopptak i underliggende verksemder og praktisering av forskriftene om individuell plan og prioritering.

		Utdrag av dokumentet som gjeld Helse- og omsorgsdepartementet og forvaltning av staten sine interesser i verksemder under HOD er lagt ved.	
Statens helsetilsyn	Mars 05	Overbelegg ved Sandviken sjukehus. Pålegg om å rette forholda ved Sandviken sjukehus.	Rapportering frå Helse Bergen for oktober 2006 viser eit belegg på 118 % på akuttpostane og kortidsavdelingane samla. Dette gjeld alle innskrivne ved postane, og det er ikkje gjort fråtrekk for personar som til ein kvar tid er i permisjon. Dette er ei auke samanlikna med førre månad. Justert for permisjon var belegget 105 %. Ser ein på plassane ved Sandviken isolert, var situasjonen her ein beleggsprosent på 126 og 110 %. Det var 6,6/5,9 korridorsenger i bruk pr døgn.
	03.10.06	Helsetilsynet i Sogn og Fjordane – tilsynssak ortopediklinikken i Lærdal. I brevet blir Helse Vest bedt om å gi ein skildring av behandlingsmetodane som blir nytta ved ortopediklinikken i Lærdal. I tillegg ber tilsynet om ein skildring av Helse Førde og Helse Vest sin internkontroll for å sikre at helselovgjevinga blir følgd og ein konkret og grunngjeve vurdering av om behandlingsmetodane som blir nytta er sjå på som fagleg forsvarlege.	Svar på førespurnaden er sendt 24.10.06. Basert på dei utgreiingane som er omtala i brevet, er hovudkonklusjonen at Helse Vest legg til grunn at det ikkje føreligg brot på forsvarleghetskravet i spesialisthelsetenestelova § 2-2 og helsepersonellova § 4. 30.10.06. Brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane. Helsetilsynet er i hovudtrekk samd med Helse Vest sine faglege vurderingar av dei vurderte behandlingsmetodane ved Ortopediklinikken i Lærdal. Helsetilsynet har ikkje funne haldepunkt for at verksemda har vore fagleg uforsvarleg og avsluttar derfor tilsynssaka.
	17.11.06	Landsomfattande tilsyn med habiliteringstenester til born 2006. Oversending av samla rapport med vurderingar etter tilsyna med habiliteringstenestene til born i dei tre fylka i Helseregion Vest. Tilsynet omfatta kommunale sosial- og helsetenester og avdelingar for barnehabilitering i spesialisthelsetenesta. Målgruppa for tilsynet var barn i alderen 0 – 18 år med medfødde, tidleg manifesterte og tidleg erverva nevrologiske tilstandar eller skadar i nevesystemet. Det er ført tilsyn med to kommunar og eit helseføretak i kvart fylke. Føremålet med tilsynet er å få stadfesta at verksemndene etterlever krav i sosial- og helselovgjevinga gjennom sin internkontroll. Tilsynet sitt hovudinntrykk er at potensialet for koordinering og samarbeid ikkje er nytta fullt ut. I kommunane og i føretaka er det skilnader i	

		<p>organisering, omfang og innhald i tenestene. Enkelte deltenester er særleg sårbare.</p> <p>I kommunane er det behov for å styrke samarbeid med fastlegar og avklare ansvar og roller i høve til utgreiing, planlegging av tiltak og tilvising til spesialisthelsetenesta. Dette omfattar og samarbeid imellom kommunale sosial- og helsetenester og andre tenester. Kommunane har ansvar for å klargjere funksjonen til koordinerande eining og sørge for at denne er kjend.</p> <p>Dersom ansvarsgrupper og individuell plan skal fungere som samordningsverkty imellom brukar tenester og nivå, må det vere klart korleis arbeidet skal gjerast og kva ansvar som kviler på deltakarane i høve til samarbeid, gjennomføring og oppfølging av avtalte tiltak.</p> <p>Føreseielege og individuelt tilpassa tilbod om avlasting er nødvendige for mange familiar. Personell i avlastingsbustader og privatpersonar som tek på seg oppdrag for kommunen, skal ha opplæring, rettleiing og oppfølging frå kommunen. Alle tiltak som inngår i ein habiliteringsprosess, skal evaluerast regelmessig.</p> <p>Det er skilnader i tenestetilboden i barnehabiliteringstenestene og nødvendig å få avklart kva tiltak Helse Vest set i verk slik at barn med same behov og forventa nytte av tenestetilbod, får same tilgang til dei aktuelle tenestene. Det er også behov for avklaring av kva eininger som skal styrke fagleg kompetanse og gje tilbod til barn med psykisk utviklingshemming og psykisk sjukdom, og til unge vaksne som treng koordinert oppfølging i spesialisthelsetenesta etter fylte 16 eller 18 år avhengig av kor lenge barnehabiliteringstenesta tek imot dei.</p> <p>Tiltak for styrking av fagleg kompetanse er ei viktig oppgåve både i kommunane og i barnehabiliteringstenestene.</p> <p>Tilsynet oppmodar leiinga i kommunar og helseføretak om å gjennomgå eige tenestetilbod med sikte på å avdekkje sårbarheit og risiko for svikt når det gjeld koordinering imellom eininger og nivå, fagleg kompetanse og kapasitet i høve til behovet for tenester. Formål med ein slik gjennomgang er å kunne setje i verk tiltak for å førebyggje svikt og betre tenestene.</p>
	17.11.06	<p>Oppsummering etter tilsyn med tverrfagleg spesialisert behandling til rusmiddelmisbrukarar i 2006 i dei tre fylka i Helseregion Vest.</p> <p>Tilsynet med tverrfagleg spesialisert behandling til rusmiddelmisbrukarar viser for store forskellar i behandlingstilboden, sjølv om ein tek omsyn til at dette er ei teneste under oppbygging. Det er store skilnader i kor langt institusjonane har kome i omlegginga frå sosialteneste til spesialisthelseteneste. Institusjonsleiinga si forståing og styring er avgjeraande for framdrifta i denne omstillinga.</p> <p>Ikkje alle pasientane får vurdering, utgreiing og behandling på spesialisthelsetenestenivå. Ein viktig grunn til det er at institusjonane manglar kompetanse. Det er få eller ingen brot på fristane for ventetid, men det er likevel grunn til å sjå nærmere på pasientforløpa og om ventetidene er for lange.</p>

		Oppsummeringa av tilsyna tek for seg viktige funn og hovudtrekk i det tilbodet rusmiddelmisbrukarane får.	
Arbeidstilsynet	Det er ikkje motteke saker frå Arbeidstilsynet i perioden.		
Datatilsynet	Det er ikkje motteke saker frå Datatilsynet i perioden.		
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	02.02.06	Privatsjukehuset Haugesund deltok i open anbodskonkurranse om levering av kirurgiske tenester. Klagen gjeld tilbodsevalueringa, brot på teieplikt og at vald leverandør skulle vore avvist.	Helse Vest har i tilsvarende 20.02.06 bedt om at saka blir avvist av nemnda. Det er vist til at konkurransen er avlyst og at det derfor ikkje ligg føre sakleg klageinteresse. KOFA har stilt saka i ro i påvente av ny konkurranse. Tilsvar sendt 18.08.06 kor klagen blir imøtegått. Avgjerd føreligg ikkje.
	07.07.06	Privatsjukehuset har levert ny klage som gjeld både den avlyste konkurransen og den nye.	
	12.05.06	Fana Medisinske Senter deltok i open anbodskonkurranse om levering av kirurgiske tenester. Det er i klagen hevd at det er gjort feil ved at priser i tidlegare konkurransen er blitt gjort kjent for tilbydarane, at fleire leverandørar skulle vore avvist og at forhandlingsforboden er brote.	Helse Vest har i tilsvarende 31.05.06 imøtegått klagen. I tilsvaret er det gjort greie for konkurransen og kva informasjon som tidlegare er gitt og kva tyding dette har for denne konkurransen. I tillegg er det mellom anna gjort greie for korleis kvalifikasjonskriteria er nytta. Avgjerd føreligg ikkje.
	02.06.06	Knarvik øyelegekontor. Klager har delteke i open anbodskonkurransen om levering av kirurgiske tenester. Konkurransen ble avlyst og ny konkurrans kunngjort. Det er hevd at Helse Vest har brote innkjøpsreglane ved å offentleggjere priser i den første konkurransen i forkant av den nye konkurransen.	Helse Vest har i tilsvarende imøtegått klagen. Avgjerd føreligg ikkje.
Sivilombudsm.	Det er ikkje motteke saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		
Konkurranse-tilsynet	19.09.06	Konkurransetilsynet har motteke ein klage frå Fana Medisinske Senter kor det er uttrykt mistanke om mogleg ulovleg prissamarbeid mellom to sjølvstendige tilbydarar som har delteke i konkurransen. For å kunne vurdere saka ber tilsynet om innsyn i dokumenta i saka.	Aktuelle dokument er oversendt Konkurransetilsynet ved brev av 28.09.06.
Dispensasjons- og	Det er ikkje motteke saker frå Dispensasjons- og klagenemnda i perioden.		

klagenemnda for behandling i utlandet	
--	--

Del 2

Tilsynsmyndighet	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	Det er ikkje registrert nye saker i perioden.		
Statens helsetilsyn	30.05.06	Melding om tilsyn med Vikedal Ressurssenter 12.09.06.	06.11.06. Brev frå Helsetilsynet i Rogaland med oversending av rapport frå tilsynet. Ved tilsynet blei det avdekkta to avvik. Avvik 1 omhandlar manglende tilgong til psykiatrisk/psykologisk kompetanse. Dette medfører at pasientane ikkje alltid får nødvendig vurdering, utgreiing og behandling for sine psykiske problemstillingar/diagnosar. Avvik 2 gjeld at verksemda ikkje har eit samla journalsystem. Helsetilsynet vil kome attende til oppfølging av tilsynet i eige brev.
	30.05.06	Melding om tilsyn med Rogaland A-senter 13.-14-09.06.	30.10.06. Brev frå Helsetilsynet i Rogaland med oversending av rapport frå tilsynet. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik. Avvik 1 omhandlar lita tilgong til psykiatrisk/medisinsk kompetanse medan avviks 2 gjeld mangelfull journalføring. Verksemda har satt i verk fleire tiltak for å lukke avviket, og Helsetilsynet har derfor lukka avviket.
	06.06.06	Melding om tilsyn med Stiftelsen Bergensklinikene 20. – 22.09.06.	17.10.06 Brev frå Helsetilsynet i Hordaland. Oversending av rapport frå tilsynet. Ved tilsynet blei det ikkje funne avvik frå lov eller forskrift, og tilsynet er derfor avslutta.
	11.07.06	Melding om tilsyn med Blå Kors poliklinikk 31.10.06	
	11.07.06	Melding om tilsyn med Stavanger Universitetssjukehus, Psykiatrisk klinikk,	

		Gauselskogen 07.11.06	
	28.08.06	<p>Helse Bergen. Brev frå Helsetilsynet i Hordaland. Rapport frå felles tilsyn med Datatilsynet vedrørende informasjonstryggleiken kring pasientjournalsystemet Doculive og det pasientadministrative systemet PIMS ved Haukeland universitetssjukehus.</p> <p>Ved tilsynet blei det påpeikt følgjande avvik: Helse Bergen sikrar ikkje at teiepliktige personopplysningar i det elektroniske pasientjournalsystemet Doculive og i det pasientadministrative systemet PIMS er forsvarleg verna mot innsyn frå tilsette som ikkje har legitint behov for opplysningane.</p> <p>Helsetilsynet ber om ein tilbakemelding med oversikt over kva tiltak som skal settast i verk og ein framdriftsplan som viser tidspunktet for iverksetting av tiltaka for å lukke avviket. Fristen for tilbakemelding blir sett til 1. desember 2006.</p>	
	xx.11.06	<p>Helse Bergen. Sjukehusopphald for pasient. Vurdering av Haukeland universitetssjukehus sin kommunikasjon med dei pårørande.</p> <p>Helsetilsynet sin gjennomgang av saken viser at det tidleg oppsto kommunikasjonsproblem mellom sjukehuset og barnet sin far som følgje av grunnleggjande usemje om forståinga av den medisinske tilstanden. Haukeland universitetssjukehus har brukt store ressursar på å gjenopprette tilliten etter at far på eit tidleg tidspunkt hadde sagt at han var usamdi i behandlinga. Helsetilsynet konkluderer med at sjukehuset la til rette for å sikre at far blei gitt informasjon, og at innhaldet i denne informasjonen var adekvat. I rapporten blir likevel sjukehuset kritisert for tre forhold i løpet av den fem månader lange perioden denne saken varte.</p>	
Arbeidstilsynet		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
Datatilsynet	06.02.06	<p>Helse Bergen har motteke varsel om pålegg etter tilsyn ved Helse Bergen, avd. Hagavik. På bakgrunn av foreløpig rapport er det varsla pålegg med omsyn til følgjande forhold:</p> <ul style="list-style-type: none"> - autorisasjonsrutinane må endrast slik at dei er i samsvar med helseregisterlova § 13 - løysinga med felles radiologisystem for regionane må utbetraast i samsvar med helseregisterlova § 13 - kombinasjon av vid tilgong og mangelfulle logger er ikkje eigna til å avdekke tryggleiksbroten i radiologisistema - det må etablerast logging av oppslag i PIMS i samsvar med helseregisterlova § 16 - det må etablerast nettverksmessige skilje mellom dei ulike databehandlingsansvarlege <p>Svar er sendt 22. mars 2006. I brevet er det trekt fram nokre generelle synspunkt med omsyn til det tilsynet som ble gjennomført. I tillegg er det gitt ein konkret tilbakemelding på dei fem punkta som er nemnde ovanfor. I fleire vedlegg til brevet har Helse Bergen gitt detaljerte kommentarar til utkast til kontrollrapport.</p>	

		Datatilsynet har ved brev av 15. juni 2006 gjort vedtak med fire pålegg. For tre av pålegga er det gitt frist til 31.12.06 medan det for det sist er satt frist til 31.12.08.	
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	01.08.05	Helse Bergen. Klager: Techno System AS. Saka gjeld konkurranse vedrørande kjøp av respiratorar. Klager hevder at ein ved evalueringa har handla i strid med kravet til forutberegnelighet.	Avgjerd 30.10.06. Klagenemnda fann at klager sitt tilbod skulle vore gitt betre utteljing under tildelingskriteriet "Leverandørens tekniske bistand, service og leveringstid og garantier". Klagenemnda kom også til at Helse Bergen hadde brote regelverket ved evalueringa av tilboda sin innkjøpspris. Elles førde ikkje klagen fram.
	27.11.06	Helse Stavanger. Klager: Aktiv Eiendomsmegling Sandnes, Sandnes Eiendomsmegling AS. Helse Stavanger har avlyst ein konkurranse om sal av bustader i Stavanger. Klager hevdar at det ikkje er heimel for avlysinga, subsidiært at det skulle vore utlyst ein ny konkurranse.	Avgjerd føreligg ikkje.
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		